

Ruth Olsvold
Olsvollvegen 108
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/7637 - 23/78711

Saksbehandlar:
Elin Houlison Molvik
elin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
11.10.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 474/3 Olsvoll

Tiltak: rive gammelt uthus, bygge nytt
Byggjestad: Gbnr: 474/3
Tiltakshavar: Ruth Olsvold
Ansvarleg søker:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.10.2023.

Vi gjer merksam på at då saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplan for tidlegare Radøy kommune så er ikkje vilkåra for 3 vekers sakshandsaming oppfylt.

Søknad om dispensasjon må sendast på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og landbruksavdelinga lokalt i forkant av vår handsaming.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommunedelplan for tidlegare Radøy kommune avsett til LNF-føremål. Tiltaket krev og det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet.

Ut i frå opplysningane gjeve i søknad er det planar om å rive eksisterande uthus på om lag 22 m² BRA og føre opp nytt uthus i form av garasje med bygd areal på om lag 36 m² BYA.


Av Orthofoto 2018 ser det ut som om det går bekk like nord for tiltaket. I den grad avstand til elv/bekk med årssikker vassføring er nærmere enn 25 meter krev tiltaket i tillegg søknad om dispensasjon frå KDP pkt. 2.7. Eventuelle inngrep i kantvegetasjon krev også løyve frå Statsforvaltaren etter vassressurslova.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Teikningar

Motteke teikningsmateriale er ikkje tilstrekkeleg til at vi kan handsame søknaden dykkar.

De må dokumentere eksisterande bygg som rivast enten ved fotodokumentasjon av alle byggets 4 fasadar, eller ved at det vert utarbeida teikningar av alle byggets 4 fasadar som er målsett og målestokk rett.

De må dokumentere planlagt nytt bygg med målsett og målestokkrett situasjonsplan, plan-/snitt-/og fasadeteikningar

Vi legg ved NKF sin rettleiar i høve teikningsdokumentasjon.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon av bygget som er planlagt riven. Teikningar evt fotodokumentasjon som syner bygget som skal rivast.
2. Dokumentasjon som syner planlagt nytt bygg. Målsett og målestokkrett situasjonsplan, plan-/snitt-/ og fasadeteikningar av ny garasje.
3. De må på situasjonsplanen påføre avstand til nærmaste byggning, elv/bekk mv.
4. Søknaden må supplerast med dispensasjon frå KDP pkt. 2.7 i den grad tiltaket vert plassert nærmare elv/bekk med årssikker vassføring.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

17+-+Teikningar+-+rev+februar+2021

Mottakarar:

Ruth Olsvold

Olsvollvegen 108

5938 SÆBØVÅGEN